

# Referat

## STYREMØTE NR. 6 i ØIL – 14.10.2013

<b>Møte</b>		<b>Referat</b>	
<b>Dato</b>	14.10.2013 kl. 19:00	<b>Deltakarar</b>	Vidar Torsvik / leiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik / skrivar Sonja Fagerheim/ styrelem Toril Honningsvåg Vik / styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Terje Melstveit / fotballgruppa Leiv Sandven / trimgruppa Olav Kreken/ orientering
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	Kjerstin Valland / nestleiar Mariann Lilledal Valland / styrelem Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	
<b>Neste møte</b>	<b>etter nærare innkalling</b>		<b>Dugnad i Myrabakken: Laurdag 2/11-13 kl. 10-12 + grilling</b>

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
6.1	<b>Saker</b>		
.1	<u>Godkjenning av referat frå sist styremøte</u>  Styremøte nr. 4 19.08.2013 Referat vert godkjent utan endringar.  Styremøte nr. 5 09.09.2013 Møtet vart halde som planleggingsmøte for Øystesetrimmen / open hall, med utgangspunkt i sak nr. 4.1.10 i møterefertat nr. 4. Det vart ikkje skrive referat etter møtet.	info  OK  OK	
.2	<u>Nærorienteringskart over Øystese</u>  Olav Kreken orienterte om forslag til å få laga eit nærorienteringskart over Øystese.  Både dei 3 skulane i Øystese, ØIL og speidaren vil ha nytte av eit orienteringskart til opplæring i bruk av kart og kompass, pluss til fysisk fostring. Dessutan vil eit nærorienteringskart opne opp for at ØIL kan arrangere t.d. sprintorienteringsstemner/-løp med utgangspunkt i Øystese sentrum.  Sitat frå notat som vart lagt fram til styremøte:  <i>Planen er å få laget eit orienteringskart som dekkjer 2-3 km<sup>2</sup> sentralt i Øystese. For å få tippemidlar må kartet lagast i fargar og etter orienteringsforbundet sin internasjonale sprintnorm. Eit slikt kart går under Nærmiljøanlegg som får 50% dekning frå tippemidlar.</i>  <i>Kartet vil bli konstruert, synfart og utgitt digitalt og tilgjengeleg for både skulane og ØIL og kan skrivast ut på fargeskrivar. Utgangspunkt</i>	info	Olav Kreken

	<p>for arbeidet vil vere FKB-data som vi vil få fritt frå Kvam herad (har fått avtale om dette).</p> <p>Målet er å få kartet ferdig til neste skuleår.</p> <p><b>Totalt kostnad: 80000 kr.</b></p> <p><b>Finansieringsplan:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tippemidlar (50%) 40000</li> <li>• Øystese gymnas 10000</li> <li>• Kvam herad (ØBS og KUS) 20000</li> <li>• ØIL 10000</li> </ul> <p>Ved å trykke reklame på kartet og ØIL-administrasjonen av prosjektet som dugnad, kan utgiftene på kvar enkelt bli reduserte. Olav Kreken opplyser at han vil stå for søknadsarbeid og gjennomføring av prosjektet som dugnadsinnsats.</p> <p>Vedtak: Styret godkjenner orienteringsgruppa v/ Olav Kreken sin plan for å få laga nærorienteringskart for Øystese.</p>			
.3	<p><u>Hjartestartar</u></p> <p>Stor takk til Øystese Røde Kors Hjelpekorps for hjartestartar-gåva motteke under Siderfestivalen søndag 13. oktober.</p> <p>Hjartestartar vert å montere i ballbua i glassmonter. Er montert. Må avklare kven som skal få opplæring / kursing.</p>	info		Olav Kreken
.4	<p><u>Politiattestar – status</u></p> <p>Ca 10 politiattestar gjenstår for ØIL-kontroll.</p>	OK		styret
.5	<p><u>Øystesetrimmen og Torefjellstrimmen/"kom deg ut dagen"-evaluering</u></p> <p>Torefjellstrimmen/"kom deg ut dagen" – søndag 1. september</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellesarrangement med Kvam turlag gjekk greitt. Øystese jeger og fisk hadde eit samtidig arrangement i Fitjadalen.</li> <li>• Fellesannonse i HF var OK.</li> <li>• Lita deltaking grunna grisevær.</li> <li>• Framtidige arrangement kan utviklast med fleire partnerar/lag, med tilrettelegging for å nå flest mogeleg i alle aldrar.</li> </ul> <p>Øystesetrimmen /open hall – søndag 15.09.2013</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 7 i konkurranseklassen + ca 40 i trimmen.</li> <li>• Ny løyperekord.</li> <li>• Overraskande godt frammøte til open hall-arrangementet.</li> <li>• ØIL bør kjøpe inn berbart høgtalarkabinett m/ mikrofon</li> <li>• Lang ca. 5,5 km og kort løype ca. 2,2 km må målast opp nøyaktig.</li> <li>• I 2014 vil arrangementet gå av stabelen siste søndag i sept.</li> </ul>	info	2014	Rune Vik  ØIL/ Kvam turlag
.6	<p><u>Myrabakken – dugnad med etterfølgjande grilling</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tid: laurdag 02.11.2012 kl. 10 – 12 m/grilling etterpå</li> <li>- Rydding av buskar i dei små bakkane.</li> <li>- Oppsetting av skilt.</li> </ul>		2014 2014	styret

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Varselskilt må framskaffast. Sonja sjekkar tilgang til skilt.</li> <li>- Annonse i HF 29/10 og 1/11.</li> </ul>		Sonja Åshild
.7	<p><u>ØIL-info ut på sosiale medier</u></p> <p>Treng ein plan / strategi.</p>		styret
<b>6.2</b>	<b>Fotballgruppa</b>		
	Konstituert leiar i fotballgruppa Terje Melstveit orienterte.		
.1	<p><u>Telenor Xtra – fotballFFO</u></p> <p>Styret i fotballgruppa jobbar kontinuerleg med systemaspektet / internkontrollrutinane for FFO-en.</p>	info	fotballstyret
.2	<p><u>Stenging av veg forbi idrettsplass</u></p> <p>Mykje stygg køyring mellom fv 7 og Holmatun – utrygt i forhold til ungar som nyttar Øystese idrettsplass.</p> <p>Vegen forbi idrettsplassen inngår som post i Kvam herad sin trafikk-sikringsplan.</p> <p>Det må jobbast mot Kvam herad for å få stengt vegen. Uansett bør fartsdump etablerast.</p>	info	fotballstyret/ hovudstyret
.3	<p><u>Kunstgras på grusbane ved Øystese barneskule</u></p> <p>Fotballstyret jobbar med finansiering. Planen er å få lagt kunstgrasdekke til våren.</p>	info	fotballstyret
.4	<p><u>Arbeid med organisasjonsendring / ny styrestruktur</u></p> <p>Styret i fotballgruppa arbeider med ny organisasjonsplan / ny styrestruktur for fotballgruppa.</p>	info	fotballstyret
<b>6.3</b>	<b>Friidrett/trimgruppa</b>		
<b>6.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
<b>6.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>6.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
	Jf. punkt 6.1.6 i referat		
<b>6.7</b>	<b>Orientering</b>		
	Jf. punkt 6.1.2 i referat		
<b>6.8</b>	<b>Økonomi</b>		
.1	<p><u>Sponsing av bocciadrakter</u></p> <p>Vedtak: ØIL sponsar drakter med kr 200,- pr sett.</p>		styret
<b>6.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
.1	<p><u>Innspel til arealdel til kommuneplan</u></p> <p>Øystese idrettslag saman med Rossvoll VBK har sendt inn to innspel til oppstart av kommuneplanen sin arealdel.</p>		styret

	<p>- Innspel knytt til området inkl. Øystese idrettsplass og Øystesehallen. - Innspel knytt til området "Busdalen".</p> <p>Innspela vart lagt fram på styremøtet, og ligg som vedlegg til referat.</p> <p><b>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</b></p> <p>4.1.9 <u>Nye vedtekter i Øystese idrettslag –pålegg om retting</u></p> <p>Ny tilbakemelding frå Hordaland idrettskrets v/ Heidi Hatlem. Krav om retting av punkt som omhandlar revisor. Må diskuterast på neste styremøte.</p> <p><b>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</b></p> <p>2.9. <u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>		<p>styret</p> <p>styret</p>
--	--	--	-----------------------------

Rune Vik/ skriver